



Fylkevalstyret

Dato: 10.09.2015  
Vår ref.: 2014/17092-16  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.:

## **Fylkesvalstyret - Arbeidsutval til kontrollteljing. Fylkestingsvalet 2015**

Det vert vist til fylkesvalstyret sitt vedtak i sak 8/15 der det vart oppnemnt arbeidsutval til kontrollteljing av fylkestingsvalet 2015.

Nedanfor følger ei oppsett over medlemane i arbeidsutvala og starttidpunktet for dei ulike dagane.

a) Arbeidsutval onsdag 16.09.2015, **kl 15.00**

Medlemer:

1. Marte Malones (A)
2. Terje Søviknes (FRP)
3. Tom-Christer Nilsen (H)
4. Benthe Bondhus (SP)
5. Mona Haugland Hellesnes (V)

b) Arbeidsutval torsdag 17.09.2015, **kl 09.00**

Medlemer:

1. Nils-Olav Nøss (A)
2. Silje Hjemdal (FRP)
3. Mona Røssvik Strømme (H)
4. Astrid F. Selsvoll (A)
5. Birthe Eriksen (H)

c) Arbeidsutval fredag 18.09.2015, **kl 09.00** / evt. laurdag 19.09.2015

Medlemer:

1. Aud Karin Oen (SV)
2. Sigbjørn Framnes (FRP)
3. Inge Reidar Kallevåg (H)
4. Torill Selsvoll Nyborg (KRF)
5. Sveinung Valle (A) (Nils-Olav Nøss (A) laurdag 19.09.2015)

**Møtestad for arbeidsutvala: Bergen rådhus, 2.etasje, Bergen.**

***Ved eventuelt forfall for medlemene til arbeidsutvala ber ein om at ein prøver å byta med nokre av dei som er oppsett andre dagar eller får nokre av desse til å møte i staden. Merk at arbeidsutvalet må vere minimum 3 personar til ein kvar tid for å vere vedtaksfør.***

Arbeidsutvalet har fått fullmakt til å førebu kontrollen med gjennomføringa av fylkestingsvalet, og å ta stilling til enkeltsaker og spørsmål som kjem opp i samband med kontrollen.

Fylkeskommunen har inngått eit samarbeid med Bergen kommune bl.a. når det gjeld oppteljing av røystesetlar. Det er utarbeidd eit sentralt valsystem , EVA frå Kommunal- og regionaldepartementet som vert nytta for kontroll og valoppgjjer. Røystesetlane vert talde maskinelt (skanna) og overført valsystemet EVA som ivaretek opplysningane og registrer det som er naudsynt for å føreta eit valoppgjjer. Systemet registrerer endringane på listene. Det vil seia at det blir registrert kor mange personrøyster den enkelte får og nummerrekkefølga av kandidatane. Når det gjeld praktisk gjennomføring av kontrollteljinga vert den tekniske tenesta vedrørende bruk av maskiner/system/personale gjennomført i samarbeid med Bergen kommune.

Etter vallova skal kommunane telja røystesetlane 2 gonger, først ei grovteljing (som i større kommunar skjer hos stemmestyra) og ei finteljing (endelig teljing), deretter skal fylkesvalstyret kontrolltelja fylkestingsvalet frå alle kommunane.

Kontrollteljinga og gjennomgangen av møtebøkene frå valstyra må skje når valoppgjjeret er kome inn frå kommunane. Dette reknar vi med å få inn onsdag. Alle røystesetlane frå kommunane skal teljast/skannast på nytt. Dette vil då skje onsdag, torsdag og fredag. I og med at valsystemet framleis er nytt er det vanskeleg å anslå kor lang tid denne teljinga (skanninga) /kontrollen vil ta.

Arbeidsutvalet vil vere til stades for å ha oppsyn med kontrollteljinga, gjennomgå valstyra sine møtebøker og vere tilgjengeleg dersom det er naudsynt med politiske avgjerder. Eit døme av formularet for møteboka for kommunane vert lagt ved for dei som ønskjer å sjå på den før møtet. Dette døme er frå Bergen kommune og er ei ufullstendig møtebok.

Ved oppmøte vil Ingeborg Borgen Takle møte dykk og ha ein kort innføring i møtebøkene og kva som skal skje under dagen. Det vert ordna med lunsj, middag og drikke i løpet av dagen. Det er dessverre ikkje mogleg å seie når kontrollteljinga vert avslutta, så arbeidsutvalet må vere tilgjengeleg til minimum kl 20.00 kvar dag.

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*